



Skarsvåg Rør og Interiør AS
Melandsvegen 15
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1359 - 18/12316

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

07.06.2018

Godkjenning - løyve til utslepp frå hytte for gråvatn - gbnr 57/61 Sætre

Saksnummer: DS 123/2018

Tiltakshavar: Yngve Løtvedt
Ansvarleg søkjar: Skarsvåg Rør og Interiør AS
Type utslepp:
Søknadstype

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for gråvatn for fritidsbustad på gbnr 57/61. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal samlast i slamfilter før sandfiltergrøft før utsleppet vert ført vidare til terrenget. Det skal ikkje installerast vassklosett.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.05.18 og supplert 24.05.18.

Passering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 21.05.18.

Nabovarsel

Utsleppet er nabovarsla særskild. Det kom ingen merknader i saken.

Vurdering :

Utsleppsordninga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyves om omsøkt på vanlege vilkår for slike gråvassutslepp og i medhald av «Forskrift om begrensinga v forurensing» sin § 12- 5 . Skal det installerast vassklosett i fritidsbustaden seinare, må det søkjast om nytt utsleppsløyve.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak:

«Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for gråvatn for ein fritidsbustad på Sætre på gbnr 57/61 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamfilter av godkjend type før utsleppet vert ført i sandfiltergrøft før utsleppet vert ført vidare til terrenget. Det skal ikkje installerast vassklosett.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for gråvatn i samsvar med situasjonskart, motteke 24.05.18.
3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13/§§ 13-6 til 13-16/ eller Meland kommune si lokale forskrift frå mindre avløpanlegg jf. § 12-6
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Det vert gjeve ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1359

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå hytte GBNR 57/61
e-postmelding: Søknad om å få sette ned slamfilter for gråvann på G.nr. 57 br

Kopi til:

Yngve Løtvedt

Kringlebotn 94 5225

NESTTUN

Mottakarar:

Skarsvåg Rør og Interiør AS

Melandsvegen 5918
15

FREKHAUG